

Adresseliste

Vår dato: 05.05.2023

Vår ref.: 201000310-21 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Damsikkerheit - informasjonsskriv 2023

Bakgrunnen for informasjonsskrivet er at NVE ønskjer å fokusere på enkelte tidsaktuelle tema og å informere om regelverket som gjeld sikkerheita ved vassdragsanlegg. Dette skrivet omhandlar:

- VTA-søknader rettleiing om kvalifikasjonskrav til fagansvarleggodkjenning
- Tilbaketrekking og utløp av godkjenningar
- Klassifisering
- Tillegg rettleiar betongdammar og revurdering
- Virkeområde damsikkerheitsforskrifta for vassvegar
- Innsending av dokumentasjon til NVE, dokumentrevisjonar og revurdering
- Førebuande arbeid utan godkjenning
- Spørjeundersøking

Informasjonsskrivet rettar seg i første rekke mot personar med vassdragsteknisk ansvar, det vil seie leiar, vassdragsteknisk ansvarleg (VTA), tilsynspersonell og NVE-godkjende fagansvarlege. Leiaren har ansvaret for at informasjonsskrivet blir gjort kjent for alt personell som arbeider med sikkerheits- og tilsynsoppgåver ved vassdragsanlegga.

VTA-søknader og rettleiing om kvalifikasjonskrav til fagansvarleggodkjenning

Forvaltningspraksisen for VTA-godkjenning har endra seg i løpet av dei siste åra. Det er til dømes ikkje lenger høve til å søke VTA-godkjenning ved å sende e-post direkte til sakshandsamarane. Vidare skal alle søkarar fylle ut både søknads- og praksisskjema. Nokre søkarar kan bli bedne om å sende meir dokumentasjon dersom det er manglar i arkivet til NVE.

Vi ber om at VTA-søknad berre sendast for vassdragsanlegg med gyldig klassifiseringsvedtak, slik at det berre søkast der det er krav til VTA.

Vi oppmodar alle som ønskjer å bli VTA til å sjekke om dei oppfyller kvalifikasjonskrava før søknaden sendast til handsaming. NVE gjev ikkje lenger vedtak med vilkår. Dispensasjon frå kvalifikasjonskrav gjevast berre til einskilde som skal fungere som vikarierende VTA i



meir enn 6 månader, i tilfelle der søknaden gjeld ei tidsavgrensa periode og til dei som skal vera VTA for eitt enkeltstående vassdragsanlegg i konsekvensklasse 1.

All informasjon om kriterium og dokumentasjonskrav knytt til VTA-godkjenninga finst på [VTA-sidene](#) til NVE.

Minner om rettleiing for [fagansvarleg-godkjenning](#) som vart publisert på NVE sine nettsider førre år. Forvaltninga av krava til dokumentasjon av kvalifikasjonar gitt i forskrifta er gjort tydeleg der og fagansvarlegrådet si handsaming kan opplevast som ei skjerping. Minner og om at fagansvarlegrådet er sett saman av ein person utpekt av Rådgivende Ingeniørers Foreining - RIF, ein utpekt av Vassdragsteknisk forum og ein er frå NVE sin seksjon for damsikkerhet.

Tilbaketrekking og utløp av godkjenningar som VTA og fagansvarleg

NVE informerer om at damsikkerheitsforskrifta § 9-1 om tilbaketrekking av godkjenningar som VTA og fagansvarleg, vil takast i bruk frå og med 1. mai 2023. Paragrafen har vore sovande, men vil no bli nytta aktivt. Det skal vera høg terskel for å nytte § 9-1, slik at små feil og manglar, faglege diskusjonar med NVE osb. ikkje vil gje grunnlag for å trekke tilbake ei godkjenning.

Vi jobbar òg for å få på plass ei eigenerklæringsordning for dei fagansvarlege, slik at godkjenninga går ut for dei som ikkje har hatt tilstrekkeleg relevant praksis dei siste fem åra. Kvar femte år vil dei fagansvarlege bli bedne om å fylle ut ei eigenmelding som syner om kravet i damsikkerheitsforskrifta § 3-7 fjerde ledd er overhalde. NVE vil utarbeide ei løysing for innsending. Kvar fagansvarleg vil få informasjon når det er tid for innsending.

NVE har sendt eit eige skriv til godkjente fagansvarlege og VTA-ar der vi informerer om korleis den nye forvaltingspraksisen vil bli handheva.

Klassifisering

NVE informerer om at notatet på [NVE sine heimesider](#) om «Klassifisering av lukedammer som gir oppstrøms konsekvenser ved feilfunksjon» er oppdatert. Det er ikkje innhaldsmessige endringar, berre språklege.

Minner og om at metoden for [Forenkla klassifisering av vassdragsanlegg](#) på NVE sine heimesider om klassifisering hovudsakeleg er meint for anlegg som ikkje er klassifisert før. Ved søknad om ny klasse for vassdragsanlegg som er klassifisert tidlegare, må ein normalt ta utgangspunkt i same dokumentasjon som blei nytta ved førre klassifisering (f.eks. dambrotbølgjeberekning). Søknad om ny klasse må grunngjevast med endringar på eller ved vassdragsanlegget, eller i omgivnadene, eller at ein har oppdaga feil i tidlegare dokumentasjon eller andre forhold som har betydning for klassifiseringa (§ 4-1, femte ledd).

Når ein listar opp konsekvensane ved dambrot, skal alt som kan bli ramma teljast og beskrivast før ein eventuelt trekker frå hus m.v. , jf. [rettleiar for klassifisering \(3/2014\)](#)



[kapitel 3.2.1](#). Fråtrekk må grunnleggjast i samsvar med den tilnærminga som er gitt i rettleiaren.

Tillegg rettleiar betongdammar og revurdering

Etter ei intern og avgrensa ekstern høyring er det laga eit tillegg til rettleiaren som omhandlar korleis sidevegs stabilitet av pilarar i platedammar skal kontrollerast.

Bakgrunnen for denne tilleggskontrollen er å hindra at platedammar skal få dominobrot i pilarane dersom eit eller fleire felt i damplata skulle svikte.

Rettleiaren omtalar ikkje korleis denne tilleggskontrollen skal utførast. Det er bakgrunnen for dette tillegget som du finn [her](#).

Eigenerklæringsskjema for revurdering er lagt ut som tillegg til rettleiaren. Det er ei sjekkliste VTA skal fylla ut som sikrar at alle krav til revurdering er ivaretekne ved innsending til NVE. Eigenerklæringa skal fylgja revurderinga. [Her](#) kan du finna eigenerklæringsskjemaet. Merk at VTA skal signere for utfyllinga av DEL 1, 2 og 3, medan Leiaren etter damsikkerheitsforskrifta, på vegne av den ansvarlege, signerer for utfyllinga av DEL 4 og 5.

Virkeområde til damsikkerheitsforskrifta for vassvegar

Vi minner om at virkeområde til damsikkerheitsforskrifta i samband med vassvegar er fram til ventil (stengeorgan) mot turbinen. Det er uavhengig av om røyret ligg i kraftstasjon eller utanfor. Det har konsekvensar for klassifisering, revurdering og tekniske planer.

Eksempelvis, om røyrbrot kan få konsekvensar for andre enn kraftstasjonspersonell, skal vassvegen klassifiserast deretter. Er vassvegen sett i konsekvensklasse 2 eller høgare, gjeld også krav om røyrbrotsventil etter § 5-15. Kravet gjeld uavhengig av lengde på røret. Sjølv ein kort strekning på nokre få meter mellom betongpropp og ventil mot turbinen utløyser krav om røyrbrotsventil.

Innsending av dokumentasjon til NVE, dokumentrevisjonar og revurdering

Dokumentasjon som skal handsamast av NVE må sendast til NVE sitt postmottak (nve@nve.no) for at det skal verte registrert og handsama. Saksbehandlar kan stå som kopimottakar.

Ofte når det blir levert dokumentrevisjonar til NVE går det ikkje fram kva som er revidert.

For å effektivisera gjennomgang, og tydeleg få fram kva som er revidert, ber vi om at reviderte element i dokumentrevisjonar blir merka.

Minner om at ei revurdering skal dokumentera sikkerheit til eit vassdragsanlegg og kontrollerast i høve til dagens krav i regelverket. Det betyr at alle forhold skal kontrollerast, også tidlegare godkjenningar som er gitt og som har betydning for sikkerheita. Vi forutset at rettleiar for revurdering (1/2018) blir følgd ved utforming av revurderingsrapportar.



Førebuaende arbeid utan godkjenning

[Vedlegget her](#), som de finn som eit tillegg til rettleiar «planlegging og bygging», angir nokon typar førebuaende arbeid som kan setjast i gang før tekniske planar er godkjente, og seier litt om føresetnadene.

Spørjeundersøking

NVE vurderer å utføra ei spørjeundersøking hjå bransjen for å få synspunkt på NVE sitt arbeid med FoU og med rettleiarar. Ein ynskjer også synspunkt på om det er tema i gjeldande damsikkerhetsforskrift som er uklare eller manglar. Svara frå spørjeundersøkinga kan blant anna bli brukt som innspel til kommande FoU-søknader, i NVE si planlegging av arbeid med rettleiarar og framtidig revisjon av damsikkerhetsforskriften. NVE har over fleire år samla slike innspel, men ynskjer å få eit betre grunnlag for vårt arbeid framover.

Med helsing

Kristian Markegård
direktør

Lars Grøttå
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

Adresseliste

Kopimottakarliste: